



Særutskrift

Arkivsak-dok. 20/00605-9
Saksbehandlar Svein Rune Notøy

Særutskrift - Reguleringsplan Nyhamna, endring 01 (Ormen Lange Fase 3) - Høyring og offentlig ettersyn

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Drift- og arealutvalet	23.09.2020	8/20

Drift- og arealutvalet har behandla saka i møte 23.09.2020 sak 8/20

Møtebehandling

Merknad til saksframlegg

Høyringsutkast av konsekvensutredning vert *ikkje* vedlagt saka når ho skal til høyring og offentlig ettersyn. Det står motset på tre stadar i saksframlegget.

Arealplanleggjar Svein Rune Notøy orienterte.

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtatt.

Drift- og arealutvalets vedtak/innstilling

Drift og arealutvalet viser til plan og bygningslova § 12-10 og 12-11, og godkjenner at reguleringsplan Nyhamna, endring 01 (Ormen Lange Fase 3) vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i seks (6) veker.

Reguleringsplan Nyhamna, endring 01 (Ormen Lange Fase 3) - Høyring og offentlig ettersyn

Kommunedirektøren si tilråding:

Drift og arealutvalet viser til plan og bygningslova § 12-10 og 12-11, og godkjenner at reguleringsplan Nyhamna, endring 01 (Ormen Lange Fase 3) vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i seks (6) veker.

Bakgrunn:

Reguleringsplan Nyhamna vart vedteken av Kommunestyret i møte den 09.10.2018, sak 72/18. Tidleg i 2019 vart kommunen kontakta av representantar for A/S Norske Shell med førespurnad om møte i samband med oppstart av prosjektet «Ormen Lange Fase 3».

Ormen Lange Fase 3 er eit prosjekt som har som målsetjing å oppretthalde gassproduksjonen frå Ormen Lange feltet gjennom ei auke i utvinningsgrada. Prosjektet vil omfatte etablering av kompresjonsstasjonar på havbotnen, eit landanlegg på Nyhamna, og ein kabeltrase på land og i sjø.

For å kunne leggje til rette for etablering av landanlegget og kabelgrøfta på Nyhamna vert det naudsynt å gjere ei endring av den opphavlege reguleringsplanen. Dei øvrege delane av anlegget vert omfatta av anna lovverk. Endringane omfattar i hovudsak ei justering på plankartet der eksisterande industriområde vert utvida, og naudsynt areal til kabelgrøft vert tatt inn.

Reguleringsendringa vert sakshandsama som ei ordinær reguleringsendring med melding om oppstart, og utlegging til høyring og offentlig ettersyn i seks veker etter krava i plan og bygningslova. Tiltakshavar er A/S Norske Shell, og planforslaget er utarbeidd av Multiconsult A/S. Ein mindre del av reguleringsendringa (kabeltraseen) kjem i konflikt med areal som er avsett til LNF i kommuneplanen sin arealdel 2016 – 2028, og vil derfor være i strid med overordna plan.

Tiltaket utløyser krav om konsekvensutredning etter forskrift om konsekvensutredning vedlegg 1, punkt 14 (utvinning av olje og naturgass) og punkt 20 (kraftledningar). Tiltaket skal behandlast etter petroleumsløva (Olje- og energidepartementet) og energiløva (Norges vassdrags- og energidirektorat). Etter avklaring med Olje- og energidepartementet vil forskrift til lov om petroleumsvirksomhet § 6a-6d være styrande lovverk for konsekvensutredninga.

Konsekvensutredninga er tenkt lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i månadsskiftet september/oktober, men vert behandla etter anna lovverk, og vil derfor ikkje være vedlagt planforslaget når dette skal til høyring og offentlig ettersyn. Tilhøve i konsekvensutredninga som omfattar plan og bygningslova er grundig omtalt i planomtale, risiko og sårbarheitsanalyse, samt vedlagte tilleggsrapportar. Dei offentlege etatane som mottek planforslaget til uttale er og høyringspart for konsekvensutredninga og vil motta denne når den vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn. Planprogrammet for konsekvensutredninga ligg vedlagt saka.

I samband med reguleringsendringa er det gjennomført arkeologisk registrering, vegetasjonskartlegging, artsregistrering og geoteknisk undersøking. Resultata frå disse undersøkingane er nærmare omtalt i plandokumenta og konsekvensvurderinga, og rapportane frå dei enkelte undersøkingane vert vedlagt saka når den skal til høyring og offentlig ettersyn.

Utgreiing:

Oppstartmøte mellom kommunen, tiltakshavar, og tiltakshavar sin plankonsulent vart halde på kommunehuset på Gossen den 22.08.2019.

Det blei varsla oppstart av planarbeidet via brev til rørte partar, og som annonse i Romsdal Budstikke den 23.12.2019. Frist for å kome med merknader til planarbeidet vart sett til 03.02.2020, og det kom inn totalt fire merknader, nedanfor er dei viktigaste momenta i merknadane kort referert og kommentert av kommunen sin sakshandsamar (merknadane i si heilheit er vedlagt saka):

Planprogram for konsekvensvurdering blei lagt ut til høyring samstundes som det vart meldt oppstart av planarbeidet, men vart behandla etter anna lovverk og med høyringsfrist på 12 veker.

Planprogrammet ligg som vedlegg til saka.

1) Merknad frå Statens vegvesen region midt, datert 14.01.2020

Dei trafikale konsekvensane i både anleggsfasen og driftfasen må vurderast. Eventuelle tiltak må diskuterast nærmare med respektiv vegmynde. Vurderingane må gå fram av plandokumenta i eit eige kapittel.

Kommentar:

I samband med anleggsfasen og driftsfasen vil eksisterande veg verte forlenga og fungere som tilkomstveg til det nye anlegget. Det vil verte ei mellombels auke i trafikkbelastninga, men dette må kunne sjåast på som påregneleg. I driftfasen vil det vere minimal trafikkbelastning på denne vegen då det ikke er fast bemanning på anlegget, og opphald er kun ved behov. Trafikale konsekvensar er vurdert til å vere minimale, og det vert ikkje sett på som naudsynt med ytterlegare vurderingar.

2) Merknad frå Kystverket, datert 21.01.2010

Legg til grunn at planen vert drøfta opp mot forskrift om konsekvensvurderingar vedlegg 1, punkt 14 (utvinning av olje og naturgass) og punkt 20 (kraftleidningar), og at det vert stadfesta at planendringa fører med seg eit krav om konsekvensutredning etter denne.

Reguleringa må innrette seg til grenseflate mot sjø i statlege retningsliner for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen. Reguleringa er bunden til å følgje kommuneplanen sin arealdel for det som gjeld hovudføremål, både det som gjeld landarealet, men også det som vedkjem sjøarealet og bindingar i gjeldande vedtekter. Generelt ber ein om at det vert teke omsyn til trygge og farbare sjøareal, og viser til plan og bygningslova § 11.7 punkt 6 og § 11.11. punkt 3 og 6 som handlar om føresetnadar for arealføremål i sjø. Eventuelle planføremål på tverrs av Kystverket sine forvaltningsinteresser på dette området, vil kunne føre til motsegn.

Tiltak og etableringar i eller i nærleiken av sjø, krev eigne løyver etter havne- og farvannsloven sin § 14 (leidningstrasear, sjøetableringar og utdjuving/utfylling i sjø er eksempler på tiltak som krev løyve etter havne- og farvannsloven).

I planarbeidet må ein sjå om det er behov for vurderingar i høve safunnssikring og forureiningsfare knytt til ulukker/uhell i tilstøytande sjøområde, og kva dei påreknelege konsekvensane vil vere for næringsinteresser, samfunn og natur. Dei ser for seg ei risikovurdering i tilknytning til framtidig stormflo kombinert med ekstrem sjøgang og korleis desse momenta vil virke på nyetableringar og omgjevnadane innanfor planområdet. Det bør settast opp kriterier og krav i planen sine føresegner, slik at naturpåverknadar ikkje vert eit kritisk moment i anlegga si levetid.

Kommentar:

Tiltaket utløyser krav om konsekvensutredning etter forskrift om konsekvensutredning vedlegg 1, punkt 14 (utvinning av olje og naturgass) og punkt 20 (kraftledningar). Tiltaket skal behandlast etter petroleumsloven (Olje- og energidepartementet) og energilova (Norges vassdrags- og energidirektorat). Etter avklaring med Olje- og energidepartementet vil forskrift til lov om petroleumsvirksomhet § 6a-6d være styrende lovverk for konsekvensutredninga. Tilhøve knytt til plan- og bygningslova som omhandlar arealbruk og miljø på land vil og verte omtalt. Tidlegare fastsett planprogram og høyringsutkast av konsekvensutredninga vert vedlagt saka når den skal til høyring og offentleg ettersyn.

Planforslaget tek omsyn til krava i statlege retningsliner for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, og følgjer kommuneplanen sin arealdel med omsyn til hovudføre mål på landarealet. Planforslaget stoppar i strandsona, då tilhøve som omhandlar tiltak under havoverflata vert behandla etter anna lovverk enn plan og bygningslova.

Tiltakshavar er gjort kjent med at tiltak i sjø krev eigne løyve etter havne- og farvannslova sin § 14, og vil sende naudsynte søknader til Kystverket/Molde og Romsdal havn.

Det er gjennomført ROS-analyse i samsvar med plan og bygningslova § 4-3 som tek for seg dei tema som Kystverket etterspør, jf. vedlegg.

3) Merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 30.01.2020

Gjer merksam på at kravet om ROS-analyse slår inn ved endring av planer, og viser til plan og bygningslova § 4.3: «Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging.» I følgje plankart for gjeldande reguleringsplan ligg delar av tiltaket (Ormen Lange Fase 3) innanfor faresone for brann- og eksplosjonsfare knytt til storulukkesverksemd. Som ein del av ROS-analysen må ein vurdere om det nye tiltaket vil endre storulukkesrisikoen til verksemda, og om tiltaket vil medføre endring i risiko for omkringliggende areal.

Deler av planområdet ligg innanfor område med stor moglegheit for marin leire etter NGU sine lausmassekart. Det må greiast ut om det er tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold, jf. byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-3

Saknar ei betre grunngjeving for kvifor det ikkje vert krevd Konsekvensutredning.

Kommentar:

Det er gjennomført ROS-analyse i samsvar med plan og bygningslova § 4-3 som tek for seg dei tema som Fylkesmannen etterspør, jf. vedlegg.

Det er gjennomført grunnundersøkingar for å vurdere områdestabiliteten innanfor planområdet. Det vert bekrefta at områdestabiliteten er tilfredsstillande, jf vedlagte rapport.

Tiltaket utløyser krav om konsekvensutredning etter forskrift om konsekvensutredning vedlegg 1, punkt 14 (utvinning av olje og naturgass) og punkt 20 (kraftledninger). Tiltaket skal behandlast etter petroleumsloven (Olje- og energidepartementet) og energilova (Norges vassdrags- og energidirektorat). Etter avklaring med Olje- og energidepartementet vil forskrift til lov om petroleumsvirksomhet § 6a-6d være styrende lovverk for konsekvensutredninga. Tilhøve knytt til plan- og bygningslova som omhandlar arealbruk og miljø på land vil og verte omtalt. Tidlegare fastsett planprogram og høyringsutkast av konsekvensutredninga vert vedlagt saka når den skal til høyring og offentleg ettersyn.

4) Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 04.02.2020

Vurdering av planforslagets verknader

Komunen har vurdert at det ikkje føreligg krav om ei formell konsekvensutredning, og planforslagets verknader må derfor synleggjerast i planomtalen, spesielt med omsyn til ansvarsområda landskap, friluftsliv og kulturminne. Dersom verknader vil verte unødvendig store må avbøtande tiltak vurderast og planforslaget bli endra.

Risiko og sårbarheitsanalyse

Ved utarbeiding av risiko- og sårbarheitsanalyse må ansvarsområda landskap, friluftsliv og kulturminne bli kartlagt. Eventuelle funn må bli vurdert som formgivande faktorar for planlegginga, både for å sikre fylkeskommunen sine interesser og for å eventuelt finne avbøtande tiltak dersom desse vert skada.

Landskap

Fylkeskommunen har i si forvaltning av området Nyhamna lagt stor vekt på å bevare ryggen på søraustsida av anlegget, både fordi dette har fleire rike kulturminne, og fordi det skjermer innsynet til anlegget frå aust og søraust. Ei vidare utvikling av industrianlegget må i minst mogleg grad ødelegge det ein har oppnådd av landskapstilpasning, og nye anlegg bør først og fremst bli plassert innanfor areal som allereie er avklart til industriformål. Tiltak som no blir planlagt utanfor areal som er avsett til industriformål i gjeldande reguleringsplan bør unngå inngrep i landskapsryggene. Det vert tilrådd at ein i størst mogleg grad utnyttar flate areal mellom fjellformasjonane. Det må utarbeidast tredimensjonale skisser som viser korleis innsynet til området blir frå fjorden i søraust.

Kulturminne

Det blei i løpet av 2019 gjennomført arkeologiske undersøkingar i det aktuelle området, der det blei påvist og avgrensa to kulturminne (ID 98430, 263690). Eit tidlegare registrert kulturminne, med usikker kartfesting blei ikkje funne att (ID 92143). Registreringsområdet har vore litt mindre enn det varsla planområdet, noko som inneber at det ved regulering av heile området vil verte naudynt å gjere tilleggsregistreringar for å kunne oppfylle registreringsplikta etter kulturminnelova § 9. Alternativt må ein legge desse tilleggsareala inn som LNF, enten med underformål vern av kulturminne eller med omsynssone for kulturmiljø (H570), eller eventuelt trekkje dei heilt ut av planen.

Det vert føresett av kulturminne, ID 263690, og eventuelt ID 98450, inkludert sikringssone på 5 meter, vert regulert til vern (H730). Det vert samstundes bedt om at ein ser på moglegheitene for å unngå konflikt med den registrerte steinalderbuplassen nede ved sjøen (ID 98430). Dersom dette ikkje let seg gjere må området merkast som eit RpBo-område (område for føresegn), med tilhøyrande føresegn. Dette vert å rekne som ein søknad om løyve til inngrep som vil verte vurdert ved offentleg ettersyn. Det vert samstundes gjort merksam på at det kan bli stilt krav om arkeologisk utgraving, og at det heller ikkje er gitt at det vil bli gitt dispensasjon. Det er derfor viktig at ein ser på alternative løysingar og justeringar.

Friluftsliv

Planområdet grip inn i tre ulike registreringar for friluftsliv. Dette gjeld midtre Steghaugen som er ein del av eit større landskapsdrag (nordre del av planområdet), strandlinja i søraust (planområdet langs sjø) og Korshammaren (fjellformasjon i sør). Plasseringa av sjølve tiltaka bør ta omsyn til at allmenta skal kunne ha eigna tilkomst til friluftsområda på landskapsryggane og langs strandsona. Det går ein tursti gjennom området, og det må leggest til rette for alternativ tilkomst til kulturmiljøet utover mot Ørnehaugen. Dette inneber også ei eventuell flytting av skilt. Det er viktig at turstien går i eit område der ein opplever mest mogleg urørt natur.

Kommentar:

Vurdering av planforslagets verknader

Tiltaket utløyser krav om konsekvensutredning etter forskrift om konsekvensutredning vedlegg 1, punkt 14 (utvinning av olje og naturgass) og punkt 20 (kraftledningar). Tiltaket skal behandlast etter petroleumsloven (Olje- og energidepartementet) og energilova (Norges vassdrags- og energidirektorat). Etter avklaring med Olje- og energidepartementet vil forskrift til lov om petroleumsvirksomhet § 6a-6d være styrende lovverk for konsekvensutredninga. Tilhøve knytt til plan- og bygningslova som omhandlar arealbruk og miljø på land vil og verte omtalt. Tidlegare fastsett planprogram og høyringsutkast av konsekvensutredninga vert vedlagt saka når den skal til høyring og offentleg ettersyn. Planforslagets verknader vert og omtalt i planomtalen som krevd i merknaden.

Risiko og sårbarhetsanalyse

Det er gjennomført ROS-analyse i samsvar med plan og bygningslova § 4-3 som tek for seg dei tema som Fylkeskommunen etterspør, jf. vedlegg.

Landskap

For å imøtekomme sikkerheitskrav vert det naudsynt å fjerne ein del av eksisterande landskapsformasjon slik at det kan etablerast ei skjæring i bakkant av frekvensomformaranlegget. Dette er også eit resultat av samfunnsøkonomiske vurderingar, sidan ein ved å etablere ei skjæring unngår uhensiktsmessige kostnader med omsyn til fundamentering. Skjæringa vil i stor grad bli skjult av frekvensomformaranlegget, og vil i lita grad vere synleg frå turvegen på grunn av vegetasjon. Med tida vil skjæringa sine randkantar framstå meir naturlege. Ryggen på austsida av anlegget vil i hovudsak bli bevart, og det er kun ein svært liten del som må fjernast. Det nye anlegget vil framstå som e utviding av det eksisterande anlegget.

Det er utarbeidd visualiseringar, som viser tiltaket sine konsekvensar for landskapet sett frå ulike vinklar og høgder frå fjorden. Visualiseringane viser at anlegget ikkje vil bli synleg nede frå fjorden, kun mastene vil kunne skimtast.

Kulturminne

Planområdet som vert regulert er kraftig redusert i høve til det området som det blei varsla oppstart på, og er dermed også mykje mindre enn det området som det blei gjennomført arkeologiske registreringar i. Det er kun eit kulturminne (ID 98430-1) som vert berørt, og dette er avsett til bestemmelsesområde i plankartet, med tilhøyrande tekst i reguleringsføresegnene.

Friluftsliv

Stien til Ørnehaugen vil måtte leggast om i ei kort periode der den kryssar kabeltraseen i anleggsfasen, men det vert søkt å finne alternative løysingar slik at stien likevel kan nyttast. Ingen andre av friluftsområda, inkludert strandsona, vil bli berørt i permanent tilstand.

Konklusjon:

Dei innkomne merknadane etter melding om oppstart er så langt det let seg gjere tekne til vitande og innarbeidde i planforslaget, samstundes er det mottekne planmaterialet i samsvar med kommuna sine krav til private planforslag, planforslaget vert derfor tilrådd lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

Administrative konsekvensar:

Ingen.

Folkehelsekonsekvensar:

Ingen.

Økonomiske konsekvensar:

Når ein reguleringsplan er vedteken lagt ut til høyring og offentleg ettersyn er den å ansjå som overteken av kommunen. Det kjem derfor nokre kostnader knytt til annonsering av høyring, og eit eventuelt vedtak av reguleringsplanen på om lag 10 000 kroner. Kostnadane til kommunen vert dekt inn av gebyret for behandling av reguleringsendring.

Gerd Nerbø
Teknisk sjef

Geir Janos Göncz
Kommunalsjef for plan og utvikling

Ingrid Husøy Rimstad
Kommunedirektør

Særutskrift

Vedlegg

- Plankart
- Reguleringsføresegner
- Planomtale
- Risiko- og sårbarhetsanalyse
- Planprogram for konsekvensutredning
- Innkome merknader etter melding om oppstart
- Rapport frå arkeologisk registrering
- NINA Rapport (2020) - kartlegging av arter
- NINA rapport (2019) - kartlegging av natur
- Rapport frå områdestabilitetsvurdering

RETT UTSKRIFT
DATO 24.september.2020